

PRØVEORDNING FOR UTBYGGING ETTER FORENKLET STANDARD PÅ GANG- OG SYKKELVEG

Osterøy kommune er interressert i å være med på ei slik prøveordning og har forslag til eit prosjekt.

Gang og sykkelveg Hauge – Rolland.

FV 566 Hannisdalslinja er hovudinnfartsvegen over Osterøy frå Osterøybrua. Strekninga går frå Rollandskrysset til Hauge og er ca 5,5 km lang. Hannisdalslinja er bygd ut utan gang- og sykkelveg og er ikkje tilrettelagt for mjuke trafikantar.

Det er to eldre kommunale vegar som går parallellt med fylkesvegen. Desse kan bindast saman med ein ny gang og sykkelveg på ca 2 km mellom Rolland og Hannisdal og ein får ein samanhengande gang og sykkelveg på strekninga.

I nord ved Hauge har vi eksisterande næringsområde Oddalsmyra som no er under utbygging og næringsområdet Gloppemyra som er under regulering. Desse prosjekta vil få tilknytning for gåande og syklande til denne vegen. I tillegg vil det regulerte næringsområde i sør på Espevoll få tilknytning til same veg.

Den framtidige gang og sykkelvegen består av eksisterande kommunal veg frå Hauge til Hannisdal og ein kommunal veg på Rolland.

Det er få eigedommar langs desse vegane og såleis begrensa biltrafikk. Mellom desse to vegane må det byggast ein ny gang- og sykkel veg på ca 1,8 km. Denne er allereie regulert inn i plan for Espevoll næringsområdet. I tillegg er det eit stykke på ca 180 meter mellom det regulerte området og fortsetjing på kommunal veg. Dei kommunale vegane har utkjøyring i begge endar og kan stengast for gjennomkjøyring.

Med utbygging av den manglande traseen og mindre oppgradering av eksisterande kommunal veg vil ein få samla gang- og sykkelveg på ca 5,5 km som vil ligga parallellt med fylkesvegen.

I tillegg til å binda saman framtidig næringsområde på Espevoll med Hauge/Valestrand/Lonevåg regionen vil ein få eit samband mot Arna/Bergen. Me visar her til reguleringsplanen for Vesetgjelet og når dette framtidige prosjektet er ferdig utbygd vil ein få ein samanhengande trasé retning Arna.

På denne måten vil ein få ein betydelig auke i gang- og sykkelvegnettet på Osterøy for ein låg kostnad.